

Årsmelding FAU 2024-2025

· Sist årsmøte vart halde 06.06.23, styret og fire andre foreldre møtte. I hovudsak diskuterte ein avslutning av klassekasse for 7. klasse med fylgjande konklusjon:

Pengebeløp på 7. klasse sin klassekonto, inkl overskot frå 17. mai-dugnad, skal først og fremst gå til avslutningsfest for klassen. Evt resterande midlar kan fylgja elevane vidare til ungdomsskulen som bidrag til skuletur i 10. klasse (+/- kr 1000,- per elev vil ligga nært det elevane på Lye har med seg frå sitt 17. mai-arrangement). Klassekonto kan ikkje avsluttast før evt klasseset er avklart og pengane kan overførast til turkomité. Elevar som går til andre ungdomsskular får tilsvarende beløp utbetalt etter første FAU-møte påfølgande haust. FAU-leiar har ansvar for denne utbetalinga.

· Årsmøtet for inneverande skuleår vert onsdag 11.06.25 kl 19.

· FAU har behandla 22 saker sidan sist årsmøte og hatt 6 møte. Ein konstituerte seg slik:

Borghild Bjørkmo – leiar

Øyvind Søyland – nestleiar og skulemiljøansvarleg

Silje Taksdal – kasserar

Elena M Sikveland – skyss-/trafikk-kontakt

Bodil Hobberstad Knutsen – styremedlem

Serina F Sikveland – styremedlem

Knut Undheim – sekretær

· Sakskartet har vore prega av skulen sin drifts-/personal-/ressurssituasjon som har vore vesentleg betre og meir stabil enn føregåande år. Spørsmål omkring bruken av digitale verktøy i undervisninga har igjen vore ein gjengangar.

· Eldre- og foreldrefest vart avvikla hhv 17. og 19.12.. Deltakinga på eldrefesten var god (130 pers), medan foreldrefesten hadde omtrent same oppslutning som året før med ca 200 personar. Sjølv avviklinga av arrangementa gjekk bra, syns me, kun mindre merknader (jf referat 29.01.25). Viktig at FAU inviterer til julefestane i god tid og informerer dei det gjeld om dugnad.

· Aktivitetsdagen før sommaren 2024 gjekk av stabelen 18.06.24. Årets aktivitetsdag er planlagt 17.06.25.

· Kommunalt Foreldreutval (KFU) har hatt 4 møte inneverande skuleår. Møta har vore prega av Time kommune sin anstrengte økonomi og konsekvensane av dette.

· SU/SMU har kun vore samla til eitt møte (04.11.24). Målet må vera eitt møte per halvår som eit minimum.

· Det er fremja forslag om flytting av ansvar for 17. mai-dugnaden ned til 6. klasse, mens 7. klasse beheld flaggborg og tale. Overgangsår 2026 der 6. og 7. klasse arrangerer i lag. Hovudargument er lite tid for 7. klasse til å nytta overskotet frå 17. mai før skuleløpet er slutt.

Saka vert behandla ved årets årsmøte i FAU der alle foreldre til elevar ved Undheim skule har møterett.

Kjære foreldre og føresette,

No som skuleåret går mot slutten, vil eg som FAU-leiar gjerne seie tusen takk for alt engasjement og samarbeid vi har hatt gjennom året. Saman har vi bidrege til eit trygt og inkluderande miljø for borna våre, og det set eg utruleg stor pris på.

Eg vil òg rette ein stor takk til skulen sine tilsette og leiing for alt det gode arbeidet dei gjer, og ikkje minst for den flotte julefesten lærarane arrangerte. Det vart ei skikkeleg fin oppleving for både borna og oss foreldre!

Det har òg vore ei litt kjedeleg melding å få på tampen av skuleåret, med tanke på endringane som ventar ved skulestart til hausten. Eg veit at dette skaper både spørsmål og uro for mange. Vi i FAU følgjer situasjonen tett og håpar det vil ordne seg på best mogleg måte for alle.

Takk for at de stiller opp og bidreg til å gjere skuledagen litt betre for borna våre.

**Med venleg helsing,
Borghild Hovstad Bjørkmo
FAU-leiar**